



201206247-12
312
KSK/STP

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Surnadal kommune - Svorka Produksjon AS - Setergrytå kraftverk – planendring. Fråsegn ved avgrensa høyring

Møre og Romsdal fylke har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Bakgrunn

Svorka Produksjon AS fekk i 2005 løyve til bygging av Setergryta kraftverk. Det blir no søkt om planendring for følgjande forhold:

- Auka slukeevne frå 0.9 m³ til 1,2 m³.
- Redusert regulering av Grytvatnet frå 5,5 m til 3,0 m.
- Redusert omløpsventil frå 100 % til 40 % av slukeevna.
- Endring i slepp av minstevassføring frå 30 l/s heile året til 40 l/s om vinteren og 60 l/s om sommaren.

Vurdering

Biologisk mangfald

Av søknaden kjem det fram at det i området er registrert naturtypar etter kriteria i DN-handbok 13 om kartlegging av biologisk mangfald; både bekkekløft og gråor-heggeskog. Naturtypane som er omtala i kartleggingshandboka har kome med på grunn av at dei er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Aktuelle naturtypar i eit utbyggingsområde bør difor til vanleg visast på eit kart slik at ein kan sjå storleiken og avgrensinga i samanheng med vassdraget. Vi har likevel ikkje vesentlege merknader til konklusjonen i biologisk mangfald rapporten.

Fisk

Setergrytå nedstraums kraftverket har stor verdi som oppvekstområde for laks og sjøaure. Det er derfor av vesentleg betydning at denne elvestrekninga er sikra nok vatn gjennom heile året. I gjeldande konsesjon er det krav til omløpsventil som sikrar ei vassføring på 100 % av slukeevna ved plutselig utfall av kraftstasjonen. I søknaden er det gjort nye utrekningar som konkluderer med at 40 % av slukeevna er tilstrekkeleg. Vi har ikkje grunnlag for å gå inn i desse utrekningane, men må stole på at dette er korrekt. Vi kan likevel ikkje sjå at søknaden synleggjer kvifor ein går ned på kapasiteten på omløpsventilen. Dersom det er eit kostnadsspørsmål burde det vore omtalt.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til kommentarane over. Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til planendringa.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.